



Kvalitetsplanen

for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal | 2018–2022



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Foto: Rune Borge-Olsen

Visjonen Ein tydeleg medspelar

Vi vil utvikle kvaliteten i vidaregåande opplæring ved å vere tydelege medspelarar på vegne av fellesskapet i regionen og vere profesjonelle i alt vi gjer. Vi skal også vere fagretta, utviklingsorienterte og med tydeleg respekt for samfunnsoppdraget vi er gitt.

Innhald

Foto forside:
iStock

Layout:
kommunikasjonsseksjonen

Utgivar:
utdanningsavdelinga

Trykk:
Fellestenesta

Møre og Romsdal
fylkeskommune



Innleiing	s. 3	2. Læringsresultat	s. 6
Hovudmålsetting	s. 3	Indikatorar	s. 6
Om kvalitetsplanen	s. 3	3. Gjennomføring	s. 8
Prioriterte område	s. 3	Overgangar	s. 8
1. Læringsmiljø	s. 4	Region og arbeidsliv	s. 8
Trygt og godt læringsmiljø	s. 4	Indikatorar	s. 8
Tilpassa opplæring	s. 4	4. Leiing og profesjonsutvikling	s. 9
Vurderingspraksis	s. 4	Indikatorar	s. 9
Grunnleggande ferdigheiter	s. 4	Oppfølging av kvalitetsarbeid	s. 10
Digital kompetanse	s. 5	Analyse, vurdering av resultat	s. 10
Relevans i faga	s. 5	og handlingsplaner	
Elevdemokrati og medverknad	s. 5	Oppdragsavtalar og leiardialog	s. 10
Indikatorar	s. 5	Skolebasert vurdering,	s. 10
		årsmelding og kvalitetsmelding	

Innleiing

Den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune skal vere framtidsretta og ha ein vurderingspraksis som fremjar læring. Alle elevar og lærlingar skal ha faglege utfordringar, gode læringsmiljø og god oppfølging. Dette er føresetnader for gjennomføring.

Hovudmålsetting

Talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal med greidd resultat etter fem års opplæring skal aukast frå 75,6% i 2017 til 79% i 2022.

Om kvalitetsplanen

I perioden 2018–2022 vil sentrale endringar prege utdanningssektoren. Kvalitetsplanen famnar difor omgrep og føringar som gjer seg gjeldande i ny overordna del til læreplanverket, fagfornyinga, ny struktur for yrkesfaga og digitaliseringsstrategien «Framtid, fornying og digitalisering».

Kvalitetsplanen er delt inn i fire hovudområde:


- 1. Læringsmiljø** handlar her om opplæringsverksemda sine indre aktivitetar, arbeidet med opplæringa, innhald og arbeidsmåtar i opplæringa, vurderingspraksis og lærarane sin kompetanse. Dette området omfattar og tryggelik, inkludering og trivsel.
- 2. Læringsresultat** handlar om læringsutbytte sett opp mot dei målsettingane som er satt for opplæringa.
- 3. Gjennomføring** omfattar både rettleiing i utdanningsval, tilgang på relevante skole- og opplæringsplassar, overgangar mellom nivå, og fullføring av opplæringa med bestått resultat.
- 4. Leiing og profesjonsutvikling** handlar om pedagogisk og fagleg leiarskap og utvikling av kompetanse i eit profesjonsfagleg fellesskap.

Hovudområda er i tråd med krava til oppfølging av kvalitet i opplæringslova § 13–10 og er delvis overlappende. I analyseverktøyet Hjernen&Hjertet finn vi same inndeling og indikatorar som kjenneteikn på kvalitet.

Prioriterte område

For å utvikle kvaliteten og betre gjennomføringa er det vedteke i Fylkestinget 11.12.2017 at følgande område skal prioriterast:

- **Gjennomføring.** Hovudmålsettinga er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring med greidd resultat etter 5 års opplæring skal aukast til 79 % ved utgangen av planperioden.
- **Gjennomføring og psykisk helse.** Det må søkjast sterkare samarbeid med vertskommunane for å få betre helsesøsterdekning ved dei vidaregåande skulane.
- **Arbeid med læring.** Det skal arbeidast systematisk med tilpassa opplæring, skole- og læringsmiljøet, læreplanverket, klasseleiing, vurderingspraksis og grunnleggjande ferdigheiter for alle elevar og lærlingar.
- **Digital kompetanse.** Det skal arbeidast for å auke digital kompetanse og dømmekraft på ein systematisk og målretta måte for å møte endringane i samfunn og arbeidsliv.
- **Elevdemokrati og medverknad.** Det skal arbeidast med at elevane vert lytta til og har ein reell innflytelse i skolekvardagen.
- **Overgangar.** Det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar både når det gjeld overgangar frå ungdomsskole til vidaregåande skole, frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift og til høgare utdanning.
- **Region og arbeidsliv.** Det skal saman med lokalt og regionalt arbeidsliv arbeidast for å skape fleire lære- og opplæringsplassar. Formidlingsarbeid skal stå særleg i fokus.
- **Profesjonsfellesskap og skoleutvikling.** Det skal arbeidast med vidareutvikling av pedagogisk leiing og profesjonsfellesskap som fremjar delings- og læringskultur med elevanes læring og utvikling i fokus.



Læringsmiljø

Mange faktorar verkar inn på læringsmiljøet i skolen og lærebedriftene; organisering og innhald i læringsarbeidet, bruk av kompetanse og kompetanseutvikling, samspel og relasjonar, involvering av føresette, og samarbeid mellom opplæringsverksemd og arbeidsliv. Dette verkar inn på korleis det er å vere elev, lærling, praksisbrevkandidat, lære kandidat og vaksen i opplæring i Møre og Romsdal. *Desse gruppene blir heretter referert til som «elevar og lærlingar».*

Trygt og godt læringsmiljø

Alle elevar og lærlingar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel, tryggleik og inkludering i tråd med kapittel 9A i opplæringslova. Skolane og lærebedriftene skal drive eit systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremje dette. Alle skal oppleve eit godt psykososialt miljø og sosialt tilhøyre, både på digitale og andre sosiale arenaer.

Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er eit verkemiddel for meistring, fagleg utvikling og læringsutbytte for alle elevar og lærlingar. Opplæringa skal tilpassast føresetnadene og nivået til den enkelte, til dømes ved hjelp av læringsstøttande prøver for elevar. Retten til tilpassing gjeld både elevar og lærlingar med høgt læringspotensiale, dei som treng spesialundervisning og dei som treng anna særskilt oppfølging, til dømes på grunn av psykiske vanskar.

Tilpassa opplæring skal prege skolen si verksemd gjennom læringsmiljø, klasseleiing, vurdering, organisering og arbeidsmetodar, samt undervisning og opplæring i tråd med nasjonale føringar. Elevane og lærlingane skal kunne tileigne seg og bruke kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar i kjente og ukjente samanhengar. Dei skal lære seg å samarbeide, dele og bygge kompetanse gjennom ulike arbeidsmetodar og bevisst bruk av teknologi.

For ungdom med ulike utfordringar i kvardagen, skal skolen og lærebedriftene gjennom tidleg innsats og tett oppfølging, arbeide for at dei kan fullføre opplæringa. Dette skjer i samarbeid med

PPT, kommunar, helsetenesta og eventuelt andre aktørar.

Vurderingspraksis

Skolane og lærebedriftene skal vidareutvikle vurderingspraksis som fremjar læring gjennom tydeleg og god struktur i opplæringa, der elevane og lærlingane er kjent med mål, kriterier og kjenneteikn for måloppnåing.

Dialogen mellom lærar og elev og mellom instruktør og lærling skal gi tydeleg tilbakemelding om kvaliteten på arbeid og prestasjon, samt framovermelding om korleis dei kan få god fagleg progresjon.

Det skal vere tydelege forventningar til elevane og lærlingane si læring, og ein positiv og støttande relasjon mellom elev og lærar, lærling og instruktør. Elevane og lærlingane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved m.a. å vurdere eige arbeid og eigen utvikling. Skolane og lærebedriftene skal arbeide med kjenneteikn på god undervisning og opplæring i fag, i tråd med nasjonale føringar for vurdering. Digitale ressursar skal nyttast i vurderingsarbeidet.

Skoleleiinga si rolle i utviklinga av vurderingspraksis er nærmare omtala under «Leiing og profesjonsutvikling».

Grunnleggande ferdigheiter

Skolane og lærebedriftene skal arbeide systematisk med utvikling av dei fem grunnleggande ferdigheitene. I læreplanverket står det korleis desse vert forstått og arbeidd med i dei enkelte faga.



Foto: Rune Hagen

Digital kompetanse

Digitale ferdigheiter er ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av emne og fag. I ein stadig meir digitalisert kvardag er bruk av digitale verktøy, arbeidsmetodar og læringsstrategiar viktig for å kunne ta del i arbeidsliv, samfunnsliv og for livslang læring. Digitale ferdigheiter er mellom anna dømmekraft til å velje, vurdere og bruke informasjon. Skolane og lærebedriftene skal rettleie elevane og lærlingane slik at dei får eit bevisst forhold til eigen teknologibruk. Dei skal lære om utfordringane og moglegheitene som ligg i ny teknologi.

Relevans i faga

Undervisninga i fag skal vere relevant for elevane og lærlingane sitt framtidige kompetansebehov. Skolane skal arbeide vidare med implementering av metodikken frå FYR-satsinga og arbeide aktivt med relevans i både fellesfag og programfag. Skolane skal synleggjere sitt arbeid med dette i årsplana for skolen. Elevar på både yrkesfaglege og studieforbauende utdanningsprogram skal oppleve dialog og samspel med næringslivet i regi av skolen.

Elevdemokrati og medverknad

Skolane og lærebedriftene skal bidra til at opplæringa byggjer demokratiforståing og oppleving av medborgarskap hos elevane og lærlingane. Det må arbeidast systematisk for å styrke elevdemokratiet og medverknaden i opplæringa. Elevar og lærlingar skal oppleve å bli lytta til og ha reell medverknad i avgjerder på skolen/i lærebedrifta. Dette er viktig for godt arbeidsmiljø og velferdssinteressene til elevane og lærlingane. Skolane skal aktivt bidra til at saker som gjeld elevane sin skolekvardag vert handsama i elevrådet, skolemiljøutvalet og skoleutvalet. Medverknad kan til dømes skje gjennom organisering av undervisninga, val av aktivitetar, vurderingsarbeidet, råd og utval på skolen og velferdstiltak. Undervisningsevalueringa er eit eksempel på elevmedverknad.

Indikatorar

For å vurdere kvaliteten på læringsmiljøet ser ein i hovudsak på indikatorar i Hjernen&Hjertet, Elevundersøkinga og Lærlingundersøkinga.

2

Læringsresultat

Læringsresultat er knytt til overordna mål i planverket og måla i dei enkelte planane. I samsvar med opplæringslov og læreplanverk omfattar læringsresultat det heilskaplege læringsutbyttet.

Formålet med opplæringa er at elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Karakterar skal uttrykke elevane sin kompetanse i fag. Læringsresultatet er betinga av mange faktorar i og utanfor skolen, mellom anna elevane sine føresetnader, skolens læringsmiljø, klasseleiing og elevane sin eigeninnsats og motivasjon. Karakterutviklinga indikerer verknaden av opplæringa.

Ny overordna del til læreplanverket utdjuar verdigrunnlaget og overordna prinsipp for opplæringa, og beskriv grunnsynet som skal prege pedagogisk praksis. Forståing av det nye kompetanseomgrepet i ny overordna del må ligge til grunn for skolane og lærebedriftene sitt arbeid med læreplanar og vurdering av elevane og lærlingane sin faglege kompetanse.

Skolen og lærebedriftene skal legge til rette for læring innanfor tre tverrfaglige tema; folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, og bærekraftig utvikling. Fagfornyinga vil legge vekt på fagovergripande kompetansar som det å lære å lære, å samhandle, kommunisere og delta, og det å kunne utforske og skape. I tillegg vil fagfornyinga legge vekt på kjerneelement i fag og djupnelæring. Elevane og lærlingane skal lære det som er nødvendig å kunne for å meistre fag, og kunne anvende kunnskap og ferdigheiter på ulike måtar.

Indikatorar

For å vurdere læringsresultatet legg ein mellom anna til grunn indikatorar frå Hjernen&Hjertet, SSB og Vigo.



3

Gjennomføring

For rekruttering av lokal og regional arbeidskraft er det viktig å ha ein vidaregåande skole med relevante tilbod og ein føreseieleg tilbodsstruktur for både elevar, tilsette og arbeidslivet lokalt og regionalt. Ein robust tilbodsstruktur vil leggje grunnlag for å byggje fagmiljø som har kontinuitet, noko som er viktig i skolen sitt langsiktige kvalitetsarbeid.

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgjande målsettingar for overgangar og gjennomføring i vidaregåande opplæring:

- Talet på elevar og lærlingar som gjennomfører med greidd resultat etter fem års opplæring, skal aukast frå 75,6% i 2017 til 79% i 2022. Nasjonal målsetting er 75%.
- For kvart årstrinn skal minst 84% av elevane ha gjennomført skoleåret med greidd resultat, og minst 96% av lærlingane skal ha greidd fag-/sveineprøva.
- For kvart skoleår skal mindre enn 4% av elevane slutte i løpet av skoleåret, og i læretida skal mindre enn 3% av lærlingane heve kontrakten sin.
- 90% av søkjarane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på Vg1.
- 90% av elevar frå Vg2-yrkesfag som primært søker lærekontrakt, skal få ønsket oppfylt.

Overgangar

Skoleeigar arbeider for å knytte nærare samarbeid med kommunar, næringsliv og høgare utdanning i arbeidet med overgangar. Dette gjeld både overgangar mellom nivå i opplæringa, overgang til bedrift, overgangar mellom skolar, og i samband med ulike utfordringar i opplæringa. Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram skal oppleve samanheng i det fireårige opplæringsløpet.

Viktige innsatsområde er psykisk helse, tilpassa opplæring i skole, tilrettelegging for lærlingar og lærekandidatar i bedrift, og kompetanseheving av lærarar og ansvarlege i bedriftene.

Det skal arbeidast med å utvikle rådgivinga i skolen slik at elevane får god nok karrierekompetanse til å gjere val om utdanning og yrke. Karriereløypa er eit reiskap for personalet i skolane til

å arbeide systematisk og målretta med karriererettleiing i heile skoleløpet. Ungt Entreprenørskap (UE) bidreg med fleire program som kan nyttast i karriererettleiinga. Karrieredagane og hospitering for ungdomsskoleelevar i vidaregåande skole er innarbeida tiltak i elevane si karrierelæring.

Karriere Møre og Romsdal ein viktig aktør for unge og vaksne som treng rettleiing i høve til utfordringar og nyorientering i utdanning og karriere.

Region og arbeidsliv

For å auke gjennomføringa i Møre og Romsdal må vi skape fleire læreplassar for å sikre overgangen frå Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette gjer vi i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv, mellom anna gjennom felles innsats om Samfunnskontrakt for fleire læreplassar 2016–2020.

I Samfunnskontrakten er det fleire innsatsområde som skal auke tilgangen på læreplassar. Innsatsområda skal mellom anna betre samsvaret mellom tilgang til og behov for læreplassar, og fremje kunnskap om fag- og yrkesopplæring. Yrkesfagas år 2018 er eit nasjonalt løft for å bidra til dette.

Det toårige prosjektet med formidlingskoordinatorar i fire regionar er eit fylkeskommunalt tiltak for å oppnå høgare formidlingsrate. I tillegg skal skolane gjennom avtalar om utplassering i yrkesfagleg fordjuping (YFF) arbeide for å formidle elevane til læreplass. Formidlingsarbeidet er i fokus på alle nivå i planperioden.

Indikatorar

For å vurdere gjennomføringa legg ein mellom anna til grunn indikatorar frå Vigo, SSB, Hjernem&Hjertet, Gjennomføringsbarometeret og Utdanningsdirektoratet.

Leiing og profesjonsutvikling

Skolen skal vere et profesjonsfagleg fellesskap prega av delings- og læringskultur der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar sin praksis. Skoleleiinga si overordna målsetting er elevens læring og utvikling i eit inkluderande skolemiljø der enkeltelevens behov og føresetnader blir ivareteke.

Leiinga skal legge til rette for at skolen fungerer som ein lærande organisasjon, der lærarane kan lære av kvarandre gjennom samarbeid. Det skal vere lett å få hjelp av kollegaer gjennom kvar-dagslæring og god samhandling. God kommunikasjon er ein føresetnad i profesjonsfellesskapet. Ein lærande skole tek inn impulsar utanfrå, har endringskapasitet og vilje til kontinuerleg utvikling. Den bidreg til læring på alle nivå gjennom prioritering, organisering, drøfting av praksis, samt dialog med foreldre og samarbeidspartnarar utanfor skolen, og koplar dette til elevens læring.

Skolen skal arbeide med å knytte formålsparagrafen, ny overordna del og læreplanverket saman med det som skjer i sjølve opplæringa, og sørge for at elevane får opplæring etter intensjonane. Mellom anna omfattar dette lokalt arbeid med læreplaner og vurderingspraksis.

Skolane skal ha rutinar som sikrar saksbehandling i tråd med lov og forskrift når det gjeld elevane sitt psykososiale miljø.

Skoleleiinga skal jobbe systematisk med å byggje opp den profesjonsfaglege digitale kompetansen, både i eigen skole og i samarbeid med eksterne aktørar. IKT skal utnyttast godt i organisering og gjennomføring av opplæringa.

Alle tilsette skal få nødvendig kompetanseutvikling gjennom til dømes fylkesakademiet, rektorutdanning og vidareutdanning, leiarsamlingar, fylkeskommunens eige leiarutviklingsprogram, fagnettverk, rådgivarnettverk med meir. Dette gjeld óg instruktørar og faglege rettleiarar innanfor den vidaregåande opplæringa i bedrift. Arbeidsgivarpolitisk strategi (AGP) vektlegg at den enkelte tilsette får bruke kompetansen sin på mest mogeleg relevant måte.

Kontaktlærafunksjonen skal styrkast i skolane sitt arbeid med profesjonsutvikling.

Fagnettverka skal med sitt mandat arbeide med digital kompetanse og vurdering som fremjar læring.

Skoleleiinga skal bruke arbeidstidsavtalen til å legge til rette for kompetanseutvikling og erfaringsdeling i kollegiet.


Indikatorar

For å vurdere kvaliteten på arbeidet med leiing og profesjonsutvikling legg ein til grunn fleire indikatorar for god praksis:

- Skolen har etablerte rutinar for å sikre at kapittel 9A i Opplæringslova ivaretakast.
- Skolen har etablert eit aktivt elevråd, skoleutval og skolemiljøutval som følgast opp av leiinga.
- Skolane drøftar pedagogiske utfordringar, på tvers av leiing og lærarkollegium, for styrking av det profesjonsfaglege fellesskapet.
- Skolen har arenaer for felles refleksjon og læring der lærarane samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa. Både lærarane og leiinga drøftar korleis skolens kommunikasjon og arbeidsmåtar kan utviklast.
- Leiardialogen skal fremje skoleutvikling og godt samarbeid, både mellom fylkesutdanningsjefen og den enkelte skole, og på tvers av skolar.
- For å vurdere tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag legg ein til grunn medarbeidarundersøkinga (MTM), som gjennomførast kvart tredje år.



Oppfølging av kvalitetsarbeid



Fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova og forskrift blir oppfylt, og for å følgje opp resultatane frå vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører, jf. opplæringslova § 13–10.

Det skal utarbeidast ein årleg rapport, kvalitetsmelding, om tilstanden i den vidaregåande opplæringa knytt til læringsresultat, gjennomføring og læringsmiljø. Kvalitetsplanen har ein tidshorisont på fire skoleår, men blir revidert årleg. Kvalitetsplanen blir endeleg vedteken i Fylkestinget i juni. Med utgangspunkt i den vedtekte planen skal skolane og utdanningsavdelinga utarbeide årlege handlingsplana. Sjå årshjul for kvalitetsarbeid for illustrasjon.

Analyse, vurdering av resultat og handlingsplaner

Skoleleiinga skal vurdere skolerultat henta frå Hjernem&Hjertet, med tydeleg involvering av personalet i evalueringsprosessen. Evalueringa vil gi grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med fylkesutdanningsseksjonens prioriterte område og oppdragsavtalane. Evalueringa skal føre fram til skolen sin nye handlingsplan. På den måten legg ein grunnlag for å arbeide systematisk med skoleutvikling.



Foto: Rune Hagen

Oppdragsavtalar og leiardialog

I oppdragsavtalane set skolane saman med fylkesutdanningssjefen felles mål for tenesteutviklinga og kvalitetsarbeidet i skolen. Fylkesutdanningssjefen følger opp skoleleiinga gjennom året, slik at ein saman vurderer dei behova skolen har for støtte og oppfølging for å nå måla. Oppdragsavtalane har mål som er felles for alle skolane, samt eigne utviklingsområde for kvar enkelt skole som dei må arbeide spesielt med. Leiardialogen skal fremje godt samarbeid mellom den enkelte skole og fylkesutdanningssjefen.

Skolebasert vurdering, årsmelding og kvalitetsmelding

Skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering skal dokumenterast i ei årsmelding. Skolane skal bruke rapporteringsmalen i Hjernen&Hjertet til årsmeldinga, som skal publiserast på skolen si nettside. Fylkesutdanningssjefen legg fram ei årleg kvalitetsmelding til fylkestinget i desember, der skolane sine årsmeldingar leggast ved. Kvalitetsmeldinga skal drøftast av fylkestinget og gi føringar for kva for område ein skal prioritere i det vidare kvalitetsarbeidet.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no